



Lindås kommune - vegavdelinga

**Referanser:**

Dykkar: Irene Wilhelmsen  
Vår: 17/3318 - 17/33457

**Saksbehandlar:**

Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

**Dato:**

24.11.2017

## Dispensasjon frå reguleringsplan Knarvik aust for etablering av fortau - gbnr 188/795 Gjervik ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 557/17**

**Tiltakshavar:** Lindås kommune

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

**Tiltak**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Knarvik Aust/planid. 1263-200818 for etablering av fortau samt trafikksikringstiltak på eigedom gbnr 188/795 og til dels på eigedom gbnr. 188/773.

Dispensasjon gjeld avvik frå gjeldande arealføremål for forlenging av fortau langs Lonsvegen.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.11.2017.

**Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 06.11.17 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato 19.01.18.

**Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Knarvik Aust/planid.: 1263/200818 er delvis definert som bustadføremål og anna trafikkareal.

**Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet bustadføremål.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Med heimel i plan og bygningslova §19-1, søker Lindås kommune – vegavdelinga, om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan, Knarvik Aust (vedlegg 1). Dispensasjonen omhandlar avvik frå arealformålet i reguleringsplanen for å kunne forlengje eit fortau.

I samband med etableringa av redusert fartsgrense og omlegging av fartsdempernde tiltak for å betre trafikksikkerheita i Lonsvegen, er det planlagt å sy saman eksisterande fortau langs kommunal veg med gbnr 188/795, langs med gbnr 188/773 til veg inn mot gravplass. I samsvar med Statens vegvesen si handbok N100 veg- og gateutforming, kap D.2 utformingskrav er det ikkje definert ein standard for mindre utbetringstiltak eller punktutbetringar. Fortauet vil difor bli bygd som ei forlenging av det fortauet som er etablert langs delar av vegen. Skisse av fortaustrasé ligg veldagt (vedlegg 2).

Sameiget Lonsvegen 7-9 har hatt saka oppe i styret, samt på møte med bebuarane i sameiget. Det vart i begge møta vedteke å støtte tiltaket og at Lindås kommune skal få overta arealet fortauet skal byggjast på (vedlegg 3). Oppmålingsforretning vert utført når fortau er etablert.

Vegavdelinga ser berre fordelar med å etablere tiltaket. Dette er del av gangvegssystemet mellom kyrkja og den etablerte gravplassen ved Lonsvegen. Fortauet vil sikre dette gangarealet slik at skulevegen mot nye Knarvik barneskule frå nord er samanhengande. Fortauet vil og vere del av born, unge og vaksne si gangrute mot fritids- og idrettsaktivitetar. I tillegg vil det lette ferdsel og kryssing for personar med nedsatt funksjonsevne.

Del av den kommunale eigedomen er i grensa mot gbnr 188/773 køyretøyforsterka og skal nyttast som beredskapsveg for utrykningskøyrerøy. Dette arealet er pr. i dag ikkje merka av i noko kart, men ligg som vedtak i byggesaka til 188/773.

Vegavdelinga søker om å få nytte sidearealet til Lonsvegen for å bygge vel 50m fortau, kor 16m<sup>2</sup> av arealet som skal nyttast er regulert til bustader (188/773) og dei resterande vel 130m<sup>2</sup> er kommunalt areal og regulert til anna vegareal. Arbeidet er tenkt starta i november 2017.

## Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Teknisk drift, datert 24.11.17:

«Etablering av nytt fortau har ingen betydning i forhold til hovudnett for vatn og avløp.»

Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

## Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla, berørte partar er varsla gjennom dialog i forkant av søknad. Dokumentert gjennom vedtak i sameigemøte.

## Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 09.08.17. Involverte partar er Lindås kommune heimelshavar av gbnr. 188/795 og Sameiet Langheiane, eigedom gbnr. 188/773.

## Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant. Tiltaket gjeld etablering/forlenging av eksisterande fortau langs gbnr 188/773 for betre trafikktrykkleik i Lonsvegen er det planlagt å sy saman eksisterande fortau langs kommunal veg med gbnr. 188/795, langs gbnr. 188/773 til veg inn mot gravplass.

## Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## VURDERING:

### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammes, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplan Knarvi Aust for etablering av fortau langs gbnr. 188/773 fram til gravplassern på Gjervik ytre. Tiltaket krev at det vert gjeve dispensasjon slik som omsøkt.

Vi finn at omsynet bak arealføremålet bustad og anna vegareal ikkje vert sett vesentleg sett tilside som følgje av tiltaket. Kommunen har i si vurdering særleg lagt vekt på at tiltaket er eit viktig middel for å betre tryggleik for mjuke trafikantar, og er eit ledd i samband med etablering av redusert fartsgrense og fartsdemopande tiltak i Lonsvegen. Fordelane vert vurdert klart større enn ulemperne. Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan Knarvik aust som omsøkt.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan Knarvik aust/planid. 1263-200818 for etablering/forlenging av fortau langs Lonsvegen.**

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/3318**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må **høvet** til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Bortfall av løyve**

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune

vegavdelingen

**Mottakarar:**

Lindås kommune - vegavdelinga